

## VEDTEKTSFORSLAG NÆRØYDALSELVA

I vassdrag med sjølvreproduserande bestandar av anadrome laksefisk plikter fiskerettseierane å gå saman om felles forvaltning, jf. lakse- og innlandsfiskloven § 25 andre ledd. Kravet gjeld i vassdrag som har et fastsett gytebestandsmål på meir enn 100 kilo holaks, jf. forskrift 25. juni 2013 nr. 761 om pliktig organisering og drift av vassdrag med anadrome laksefisk (forskrifta) § 2 andre ledd. Fellesforvaltninga skal omfatte regulering av fisket, fiskeoppsyn, informasjon, smitteførebyggjande tiltak, fangststatistikk og -rapportering, kultiveringstiltak og bestandsovervåking, jf. lakse- og innlandsfiskloven § 25 andre ledd. Forskrifta stiller nærare krav til etablering og drift av forvaltningslag.

Disse vedtekene er berekna på forvaltningslag der medlemmene sjølv er underlagt fellesskapets regler når det gjeld forvaltning av fiskeressursane i vassdraget. Medlemskapet innebærer at medlemmene må betale inn ei forvaltningsavgift til laget som dekker kostnadene ved å gjennomføre dei vedtak årsmøtet har fatta. Vedtak som laget fastsett er forpliktande for medlemmene. Medlemmene kan likevel reservere seg i saker som ikkje kjem inn under dei lovbestemte oppgåvene, jfr §2a. En slik reservasjon må, for å være gyldig, være framsett innen årsmøtet har fatta vedtak i saken.

Vedtekene er utforma slik at de er tilpassa registrering av laget som samvirkeforetak (SA), og dermed samvirkelovas krav til vedtekter. Brønnøysund-registrane godtar ikkje registrering av slike lag som lag/forening. Deira hovedargument mot det, er bruken av parter som bestemmende for rettigheter og plikter i foreningen.

Ved registrering som SA, kan det oppstå spørsmål om det foreligg skatteplikt for verksemda, og dermed plikt til å levere skattemelding. Dersom laget ikkje skal drive noko form for næring, kan dei søke fritak for skatteplikt, og dermed fritak for plikten til å levere skattemelding.

Det vises for øvrig til forskrifta §8 om hva vedtekene må inneholde:

*Vedtekter for fellesforvaltninga skal som minimum inneholde bestemmelser om styresammensetning, herunder en balansert geografisk fordeling, funksjonstid, regler for årsmøte og årsmøtevedtak, blant annet om ekstraordinært årsmøte, krav til innkalling, innkallingsprosedyre og årsmøtets beslutningsdyktighet og ansvarsområde, samt styrets ansvarsområde.*

Forskriften § 9 sier følgende om fellesforvaltninga sitt ansvarsområde:

*Vedtak fatta av fellesforvaltninga etter lovens § 25 og § 25a er forpliktende for alle rettighetshavere omfattet av forvaltningsområdet. Årsmøtet fastsett budsjett og fordeler utgiftene ut frå andel i fisket. Styret kan tvangsinndrive ubetalt forvaltningsavgift, jf. lovens § 25 åttande ledd.*

# **Nærøydalen Elveeigarlag SA**

**Vedteke på årsmøte den 29. august 2020 tilpassa registrering i Brønnøysundregisteret, og avløyser tidligare vedtekter, sist endra i årsmøte den 12. april 2014 i forbindelse med forskrift om pliktig organisering og drift av vassdrag med anadrom laksefisk.**

## **§ 1 Nærøydalen Elveeigarlag SA**

Nærøydalen Elveeigarlag SA (seinare kalla **laget**) er ei samanslutning av fiskerettshavere i den delen av Nærøydalselva, Jordalselva, Sivleelva og Stalheimselva som fører anadrom laksefisk i Aurland og Voss kommunar.

Laget omfattar alle eigedomar med fiskerett i Nærøydalselva på heile elva sin strekning frå osen på Gudvangen til elvemøtet mellom Stalheimselva og Sivleselva, den lakseførande delen av Jordalselva frå elvemøtet med Nærøydalselva til Kolshelleren, den lakseførande delen av Sivleselva frå elvemøtet med Nærøydalselva til Sivlesfossen og den lakseførande delen av Stalheimselva frå elvemøtet med Nærøydalselva til Stalheimsfossen.

Laget har sitt forretningskontor i Aurland kommune.

## **§ 2 Formål**

Laget er oppretta for å sikre at fiskerettshavarane i anadrom strekning av Nærøydalselva med sideelver (heretter kalla medlemmane) etterlever dei krav som vert stilt til felles forvaltning og drift av vassdrag med anadrom laksefisk i lakse- og innlandsfiskloven og forskrift om pliktig organisering og drift av vassdrag med anadrome laksefisk. Laget skal:

- a) Forvalte dei oppgåver som følger av lakse- og innlandfiskeloven §§ 25 og 25a. Dette omfattar regulering av fisket, fiskeoppsyn, informasjon, smitteførebyggjande tiltak, fangststatistikk, fangstrappering, kultiveringstiltak, bestandsovervåking og driftsplanlegging.
- b) Legge til rette for samordna og god utnytting av fiskeressursen innafor laget sitt område
- c) Legge til rette for et variert fisketilbud og god tilgang til fiskeplasser
- d) Være felles kontaktledd mellom lagets medlemmer og offentlige myndigheter, og kunne uttale seg på vegne av medlemene i saker som vedrører fisket og fiskeressursen.

*Laget har ikkje erverv til formål.* Det enkelte medlem disponerer sjølv sin eigen fiskerett. Forhold knytt til den økonomiske utnytting av fiskeretten, slik som sal av fiskekort og utleie av fiskeplassar, ligg utanfor lagets ansvarsområde. Dette er likevel ikkje til hinder for at medlemene inngår samarbeid om dette.

## **§ 3 Ansvar**

Medlemmene hefter ikkje for lagets forpliktelser utover innbetalt forvaltningsavgift.

## **§ 4 Medlemmer - parter**

Alle med fiskerett i anadrom strekning av vassdraget i h.t §1 er medlem av laget. Det er ikkje høve til å melda seg ut av laget.

Medlemene er forplikta av dei vedtak årsmøte fattar med unntak av saker medlemmet lovleg reserverer seg mot, jf. § 7.

Det einskilde medlem sin part i fisket skal leggjast til grunn ved fordeling av utgifter. Fiskerettar i sameige vert å ansjå som eit medlem. Fordeling internt i sameige vert styrt av sameielova og evt. tinglyste avtalar.

Oversikt over medlemer som er med i laget, og deira parter, framgår av medlemslista. Partsfordelinga er basert på sak nr. 5/2002 i Indre Sogn jordskifterett. Partsfordelinga kan takast opp til ny vurdering kvart 10. år. Medlemene plikter sjølve å melda endringar i kontaktopplysningar til laget.

## **§ 5 Årsmøte**

Årsmøte er laget sitt høgaste organ. Vanleg årsmøte skal haldast innan 1. mai kvart år.

Alle medlemer har rett til å møte på årsmøtet. Eit medlem kan la seg representere ved fullmektig etter eige val. Ingen kan være fullmektig for meir enn eit medlem. Fullmektigen skal legge fram skriftleg og datert fullmakt.

Er eit selskap, ein institusjon eller kommune medlem i laget, kan denne representerast av ein person med stillingsfullmakt eller skriftleg og datert fullmakt frå person med stillingsfullmakt. For rettigheit til fiske som ligg i sameige, kan krevast eit sameigedvedtak (fleirtalsvedtak) som utpeiker den som skal stemme på årsmøtet.

## **§ 6 Innkalling og stad for årsmøte**

Årsmøte blir kalla inn av styret.

Innkallinga skal skje skriftleg med minst to vekers varsel. Saklista skal stå i innkallinga. Årsmøte kan ikkje gjere bindande vedtak i andre saker enn dei som er nemnde i innkallinga. Saker ein vil ha handsama på årsmøte må ha kome inn til styre innan ei veke før årsmøte. Årsmøte finn stad i eit egna lokale i nær tilknyting til vassdraget.

## **§ 7 Vedtaksdyktighet – røysting og reservasjonsrett**

Årsmøtet er vedtaksført med det antal medlemmer som møter. Det enkelte medlem har røystevekt i høve til sin part i fisket dersom det vert krevd. I motsatt fall er det likevekt. For at eit vedtak skal være gyldig, må det, med mindre anna er bestemt, være fatta med vanleg fleirtal av dei avgjevne røyster. Likt røystetal ved val vert avgjort ved loddtrekning. Ved likt røystetal elles har møteleiaren dobbel røyst.

Årsmøtet kan ikkje fatte vedtak i saker som ikkje er oppført på sakslista.

### *Mindretallsvern:*

Det må ikkje treffes vedtak som einsidig retter seg mot einskilde fiskerettshavare eller grupper av fiskerettshavare, unntake når dette er følgje av brot på fellesforvaltninga sitt vedtak.

### *Reservasjonsrett:*

Medlemmer kan reservere seg mot vedtak i saker som ikkje gjeld lovbestemte oppgåver jfr. §2a. Melding om reservasjon må være gitt styret innan vedtak i saken er fatta på årsmøtet. Medlemmer kan sende varsel om reservasjon til styret i forkant av årsmøtet. Melding om reservasjon må, for å være gyldig, være bekrefta mottatt av styret sin leiar. Gyldig reservasjon fritar medlemmet frå å etterkome vedtak som blir fatta i den aktuelle saka, og frå å betale utgifter til dette tiltaket. Eit medlem som har reservert seg mot ei sak, har ikkje stemmerett i den aktuelle saka.

## **§ 8 Årsmøtets oppgåver**

Årsmøtet skal:

1. Velje ordstyrar
2. Godkjenne innkalling, sakliste og fullmakter.
3. Registrere frammøte.
4. Velje ordstyrar, protokollførar og to personar som saman med leiaren skal underskrive protokollen.
5. Handsame styret si årsmelding og revidert rekneskap.
6. Handsame styret sitt forslag til disponering av overskot eller dekning av underskot.
7. Handsame styret sitt forslag til driftsplan og budsjett
8. Velje styreleiar for eitt år om gongen.
9. Velje dei styremedlemmar som er på val.
10. Velje revisor.
11. Velje den av dei tre i valnemnda som er på val for 3 år.
12. Vedta eventuelle godtgjering for verv i styrer og komitear etter forslag frå valkomiteen.
13. Vedta reglar for fiske, fiskekultivering og oppsyn.
14. Handsame andre aktuelle saker som er nemnt i innkallinga.
15. Oppnemne aktuelle komiteer/utvalg etter forslag frå styret.
16. Fastsette partar i fisket når disse er tatt opp til ny vurdering i henhold til § 4

Det skal førast møteprotokoll for årsmøta. Protokollen skal være tilgjengeleg for alle medlemer i laget.

## **§ 9 Omframt årsmøte**

Styret skal innkalte til omframt årsmøte når styret eller representantar for minst ein tidel av lagets medlemar krev det.

Innkalling, saksbehandling og vedtaksmyndighet følger reglene for det ordinære årsmøtet.

## § 10. Styret

### 1. Samansetning

Laget blir leia av eit styre på 5 medlemer. Styremedlemene vert valde for to år. Styret velgjer sjølv blant sine medlemer nestleiar, kasserar og sekretær. Styret skal ikkje engasjere dagleg leiar. Styret skal ha balansert representasjon, med medlemer frå ulike deler av vassdraget. Styre skal såleis ha minst ein representant frå nedre, midtre og øvre del av elva.

Styret er vedtaksdyktig når minst tre styremedlemmer møter. I situasjonar der det er likt stemmetal i styret, har leiaren dobbel stemme.

### 2. Styrets oppgåver:

Styret skal leie laget og lagets verksemd og ivareta fiskebestandane i vassdraget innafor ramma av årsmøte sine beslutningar, gjeldande lovgiving og offentlege pålegg. Styret skal ha oversikt over laksefisket og alle aktivitetar som skjer i lagets regi. Styret skal være eit naturlig kontaktpunkt for medlemene. Styret skal sørge for at alle forslag og innspel blir fylgt opp, og om naudsynt, behandla desse i styret eller årsmøtet.

Styrets skal mellom anna:

1. Avholde styremøte når det er naudsynt. Styremøte kan foregå digitalt.
2. Arrangere årsmøte, gje årsmelding med rekneskap for føregåande år og utarbeide budsjettforslag.
3. Initiere og iverksetja tiltak i samsvar med laget sine føremål og arbeidsområde.
4. Innkrevje forvaltningsavgift, samt tvangsinndrive ubetalt forvaltningsavgift, jfr lakse og innlandsfiskelova § 25. Årsavgift under kr. 500 kan innkrevjast for 3 år av gangen. Purregebyr kan innkrevjast etter statens satsar.
5. Utarbeide forslag til:
  - fiskeregler og fisketider
  - driftsplan og handlingsplan i tråd med vedtak i årsmøtet
  - forvaltningsavgift og evt. forskot på forvaltningsavgift
  - aktuelle komitear og utval
  - justerte parter innafor ramma av forskrift om pliktig organisering og drift av vassdrag med anadrom laksefisk.

I utgangspunktet skal det førast protokoll frå styremøta. I tilfelle der styrerrepresentantane bur spredt, og det er upraktisk, og i tillegg medfører urimeleg kostnad med møte, kan dokumentasjon på elektronisk korrespondanse erstatta protokoll.

## **§ 11 Arbeidsår og forpliktelse**

Regnskaps- og arbeidsår fylgjer kalenderåret. Laget blir forplikta av styreleiar sammen med eit styremedlem.

## **§ 12 Valkomite**

Valkomiteen er sett sammen av tre medlemmer. Funksjonstida er tre år. Det medlem som har fungert lengst samanhengande, skal være leiar. Komiteen fattar avgjerdsler med vanlig fleirtal.

## **§ 13 Finansiering av laget**

Det skal ikkje betalast andelsinnskot.

Laget skal finansiere drift og tiltak gjennom at det blir søkt om offentlege tilskot og ved at medlemene betaler forvaltningsavgift. Det enkelte medlems part i fisket skal leggjast til grunn ved fastsetting av vedkommandes forvaltningsavgift. Medlemer som kan sannsynleggjere overfor laget at dei ikkje har moglegheit for fangst, kan fritakast frå forvaltningsavgift etter vedtak i årsmøtet.

For eigedomar som ligg i sameige, vert utgiftene delt mellom sameigarane i like store deler, om anna fordeling ikkje er skriftleg meldt til laget.

## **§ 14 Endring av vedtekten**

Endring av disse vedtekter kan berre vedtakast av ordinært eller omframt årsmøte etter å ha vore på sakslista. Eit vedtak om vedtektsendring krev 2/3 fleirtal av dei avgjevne røystene for å være gyldig, med mindre det etter lova vert stilt strengare krav, jf. samvirkelova § 54.

## **§ 15 Oppløysning**

Vedtak om oppløysing kan fattast av laget med 2/3 fleirtal av et ordinært årsmøte, etter at det har blitt reist tilsvarande forslag på forrige ordinære årsmøte. Minst halvparten av partane må være representert. Møter ikkje så mange, kan framleggjett vedtakast på nytt årsmøte med vanlig fleirtal rekna ut frå dei frammøtte partane.

Ved oppløysing skal laget si aktiva/ kontanter overførast til eit lokalt forankra lag eller organisasjon i Nærøydalen som har som formål allmennyttige hensikter. Vidare forutset det at laget er registrert i Brønnøysundregisteret.